

# Bokn Bygdablad

Nr. 3 april 2011 – Årg. 26



Innskriving – s. 9



Store utbyggingsplanar - s. 5



Folkehelsekoordinator - s. 12



Nye tider - s. 23



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN** 

# Storkonsert med variert meny

Kjetil Hamre

Det var stor stemning i gymsalen-  
då Bokn musikkorps inviterte  
lokale musikkrefter til popkonsert  
10. april.



Fv. Lea Banaszkiwicz og Madelen K. Hanssen starta heile konserten.

Gymsalen på Bokn skule var fylt til randen og bulte litt. Feststemte menneske frå dei små til dei store, og alle venta spent på storkonsert med ein variert meny. Stemninga var stor sjølv før konserten starta.

Først ut var 1. og 2. års-aspirantane, og nervene låg tjukt på dei. Eg hadde verkeleg medkjensle med dei unge musikantane, som alle fullførte med stil. På songen *Spania* var 1. års-aspirantane også solistar foran skulekorpset, og då var 2. års-aspirantane

i sving.

Bokn Brass/Rustne Horn, dirigert av Jardar Havikbotn, skulle i ilden og traff ballen klokkestreng på hornet. Det var verkeleg godklang i salen då dei framførte potpurriet *The Cream Of Clapton* og *Angels*.

## Fleire gjester

Så kom dei første gjestene, og for å understreka at det berre var lokale krefter som stod for innhaldet i den vel to timar lange konserten, stilte *Kvednabekkjers* med berre sjølvlagde låtar. Fem songar var øvd inn utan stans; *Jungeltelegrafan*, *Singelliv*, *Holda rundt deg*, *Zattongen* og *Boknaren*.



SOLISTAR PÅ *SPANIA*: Fv. Emilie Bryningsland, Marte Alvestad, Emilie Espeland og Deborah Ognøy (delvis skjult).

Bandet viser ei glød og energi på scenen som driv ein med.

salen.

I sistnemnde song var koret hennar, *Kor Henne*, også med på refrenget.

Så kom balladen *You Raise Me Up*, framført på norsk med vaksenkorpset og koret. Solistar her var May Jorunn Vatnaland, Regine Nilsen og Anne Tove Øvrebø.

Etterpå framførte koret *The Rose* og *Mamma Mia*, og viste flott toneprakt.

Ei ruvande og mektig avslutning med dei fleste involverte blei det då Jardar Havikbotn sitt arrangement for korps og band av *M/S Arsbuen* lyfta taket, og det var bra, for heten var ganske

intens. Småfuglane ute stoppa å kvitra for å få med seg alle tonane som



Bokn Brass/Rustne Horn, Bokn skulekorps, Anne Tove Øvrebø, *Kor Henne* og *The Kvednabekkjers* framfører *M/S Arsbuen*.

med i korpset.

Bokn skulekorps, under leiing av Lillian Grønnestad, spelte også *Meat The Flintstone*, *Tema fra Danser med ulver* og *Juniorrock*. Og det vesle korpset imponerte. Det gror godt i korpsmiljøet på Bokn og det er dyktige korpsleiarer

Etter matøkta viste Anne Tove Øvrebø, songstjerna frå Bokn, kva ho kunne og det var ikkje lite. Bokn Brass hadde fått spesialarrangert countrylåtar for korps og vokal, og *On The Road Again* og *Bokn (Når eg dør)* ljoma ut over

strøymde gjennom lufta.

**Stemninga var stor blant publikum som i eit antal av godt over 200 hadde fått litt av ei oppleving.**

# Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

## Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

## Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 63,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

## Foto, omslag:

Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

1. klasse for skuleåret 2011/2012 - sjå s. 9

Foto: Jardar Havikbotn



## RDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding*

### E39 Rogfast og nytt kryss på Austre Bokn

Bokn kommune godkjente som kjent kommunedelplan for Rogfast i februar 2010. I vedtaket la kommunen til grunn at kommunedelplanen for Rogfast, i tillegg til nye kryss på Are og i Knarholmen, også omfattar nytt kryss på Austre Bokn. Statens vegvesen stilte den gangen spørsmål ved om korvidt det siste punktet var gyldig då dette vilkåret blei innarbeida etter at forhandlingane var avslutta.

Spørsmålet om nytt kryss på Austre Bokn har i etterkant vore drøfta med Statens vegvesen ved fleire høve. Bokn kommune har vore tydelege på at ein er oppteken av trafikksikring og miljø på E39, ikkje berre for boknarane men for alle andre som ferdast gjennom kommunen.

Statens vegvesen har i løpet av 2010 utarbeida ei vurdering av E39 Arsvågen-Mjåsund med ei totalvurdering av behov for tiltak på denne strekninga med basis i trafikkmengd, ulukkesanalyser, støyanalyser og ROS-analyse. Strekningsanalysen visar eit stort behov for tiltak allereie med dagens trafikkmengd og vegstandard. Dette er også vurdert i Statens vegvesens stamnettutgreiing for riksvegnettet som blei offentleggjort i april 2011. Her kjem det fram at det er eit stort behov for kryssutbetringar og gang- og sykkelvegtiltak.

På bakgrunn av dette er det difor gledeleg å kunne melda at Statens vegvesen gjennom nemnde drøftingar har kome Bokn kommune i møte og aksepterar dei vilkåra som Bokn kommune har satt i sitt kommunestyrevedtak. Dette inneber at det blir bygd nytt kryss på Austre Bokn. I samband med varsel om oppstart av reguleringsplan for E39 Rogfast i Bokn kommune, vil ein dermed også varsle oppstart av reguleringsplan av kryss på



Det blir bygd nytt kryss på Austre Bokn.

Austre Bokn. Ein reknar med at dette vil skje i løpet av sommaren 2011. Kostnadane med eit nytt, planfritt kryss på Austre Bokn kjem på om lag 22 millionar kroner og vil primært bli finansiert ved bruk av ordinære midler over statsbudsjettet, alternativt som del av Rogfast-prosjektet.

### MC-kriminalitet

Formannskapet gjorde i møte 12. april vedtak der Bokn kommune gir uttrykk for at ein tek problemet med organisert kriminalitet og dei såkalla "1 %-klubbane" alvorleg og med lovlege midler søker å hindra at slike MC-klubbar får etablere seg i kommunen. Dette er i tråd med vedtak som er gjort i dei fleste andre kommunane på Haugalandet den siste tida.

Bakgrunnen for vedtaket er mellom anna ein dialog som har pågått det siste året med Haugaland og Sunnhordland politidistrikt og kommunane i regionen, der politiet viser til mistanke om at personar i lokalmiljøet har konkrete planar om å etablere lokal avdeling av ein kriminell 1% MC-klubb.

Medlemmene i 1%-klubbane definerar seg seg som den eine prosenten av befolkninga som har meldt seg ut av samfunnet og fylgjer ikkje dei lovane og reglane som gjeld. Klubbmedlemmene skal fyrst og fremst visa total lojalitet til normer og reglar i den enkelte klubb. KS har den siste tida advart kommunane mot å overlata kampen mot klubbane til politiet åleine.

Organisert kriminalitet er i dag ein betydeleg trussel mot samfunnet. Fleire norske kommunar arbeidar aktivt for å hindra at slike miljø blir etablerte. Haugesund kommune har mellom anna gjort vedtak om at 1% MC-klubbar ikkje er ynskja i kommunen, og Haugaland og Sunnhordland politidistrikt har engasjert seg sterkt i å hindra etablering i distriktet. Med den korte vegen det er til Haugesund, og etterkvart Stavanger, meiner eg at det er viktig at også Bokn kommune arbeidar aktivt for å hindra at kriminelle miljø får etablere seg i kommunen.

*Ordføreren*

# Næringsplan for Bokn kommune

Inger K. Haavik

I disse dagar blir det vedtatt ny næringsplan for Bokn kommune. Denne er blitt utarbeida av Haugaland Vekst i ein prosess saman med 4 andre Haugalandskommunar, Haugesund, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

Haugaland Vekst dekkjer næringsarbeidet til Bokn og dei andre eigarkommunane som er Haugesund, Tysvær og Utsira. Gjennom planarbeidet som tok til 18. mars i fjor, har ein komme fram til ein plan i tre delar. Ein tekstdel, eit handlingsprogram og eit vedlegg for dei som ønskjer å gå djupare inn i tal og statistikk. Tekstdelen ser ein for seg kan leve i minst 4 år, mens handlingsprogrammet er tenkt rullert kvart 2. år. Dette for å få inn nye tiltak og å stryke ut tiltak som er gjennomførte eller likevel ikkje er aktuelle å gå i gang med.

## Mulighetsarenaer

For å involvere næringslivet på ein god måte blei det undervegs arrangert Mulighetsarenaer i dei fem kommunane. Oppstarten var på Bokn i april i fjor med fiskeri og oppdrett som tema. Her blei næringa invitert inn og dei fekk moglegheit til å gi innspel til planen og forslag til tiltak som dei meinte at det offentlege kunne hjelpe dei med. Det blei arrangert ytterlegare 10 Mulighetsarenaer innan forskjellige emne i løpet av 2010. Desse var blant anna innan fornybar energi, maritime næringar, reiseliv, landbruk, handel, kompetanse, kultur og næring og omdømmebygging.

I tillegg arrangerte Haugaland Vekst ein rekke møter med næringsorganisasjonar, aktørar og aktuelle samarbeidspartnarar som Polytec, Haugaland Kunnskapspark, Rogaland Ressurscenter, Nordvegen utvikling, Greater Stavanger, med fleire. Til saman var ca 500 næringslivsleiarar med i prosessen og ga mange gode innspel til planane.

Planane for dei fem kommunane er alle bygd rundt same lest med eit felles kapittel og eit eige som gjeld den enkelte kommunen. Handlingsprogrammet er laga på same måte, med ein del felles tiltak og andre som bare gjeld for Bokn.

**Det blei satt ned ei arbeidsgruppe i kvar kommune, i Bokn har desse vært med:**

- Kyrre Lindanger, ordførar
- Lars Sigmund Alvestad, formannskapet
- Tormod Våga, formannskapet



Frå Mulighetsarena Fiskeri og oppdrett i Bokn i april 2010.

- Erik Eikje, Bokn næringsforum
- Helge Rasmussen, Bokn Plast/HighComp
- Atle Jøsang, Grieg Seafood
- Jan Are, Bokn bondelag
- Sigmund Alvestad, reiseliv
- Tor Harald Alvestad, Coop
- Jan Erik Nygård, rådmann
- Inger K. Haavik, Haugaland Vekst
- Infrastruktur med byggeklare næringsareal til sjø, bustader og bustadtomter og breiband med fiber.
- Haugaland Næringspark og Kårstø
- Omdømmebygging og attraktivitet/rekruttering
- Kompetanse

Ann Jeanette Olaussen, Bokn Plast/HighComp og Ingjerd Ellingsen, reiseliv var vara. Arbeidsgruppa har vært med og kvalitetssikra arbeidet med planen.

## Forslag til visjon for næringsarbeidet i Bokn er:

*"Bokn – senter i Rogaland – der bærekraftig vekst innen nærings- og bosetting møtes".*

## Og forslag til hovudmål er:

*"Bokn kommune skal arbeide for å tilby nye og eksisterende virksomheter tjenester av høy kvalitet, kort vei til beslutningstakerne, god infrastruktur og god tilgang til nærings- og boligtomter. Med et godt omdømme, god livskvalitet og satsing på folkehelse skal målet om flere innbyggere og arbeidsplasser i kommunen nås."*

I planen er det fokus på viktige strategiske næringer og dei viktigaste drivarane som betyr noe for næringsutviklinga i kommunen.

## Viktige strategiske næringer i kommunen blei:

- Sjøretta verksemder/tenester
- Industri
- Akvakultur
- Landbruk
- Stedsuavhengige arbeidsplassar

## Og dei viktigaste drivarane blei:

- E39/Rogfast/T-forbindelsen

Handlingsprogrammet for Bokn er bygd opp rundt dei ovannemnte strategiske næringane og drivarane.

I planen ser ein for seg at Bokn med sin plassering midt i Boknabassenget og tette kontakt både mot Haugalandet og Nord-Jæren har store moglegheiter for næringsutvikling framover. Med den planlagde Rogfast på plass, vil Bokn være inngangen til Haugalandet frå sør, med bare ein halv times kjøretur frå Stavanger sentrum. Det er sannsynleg at dette vil gi store vekstmoglegheiter, både innan nærings- og befolkningsutvikling. Uavhengig av Rogfast kjem T-sambandet i 2013. Det vil knytte Bokn tettare opp mot sentrale deler av Haugalandet og gi befolkningen på Bokn adgang til ein større arbeidsmarknad og verksemdene betre tilgang på arbeidskraft.

For å ta del i framtidig næringsutvikling i regionen er det viktig at kommunen har fokus på gode tenester, ein god infrastruktur, attraktive bustadområder, gir moglegheiter for næringsetableringar og eit godt omdømme.

Planen var oppe til politisk behandling første gong den 26. april og den er no ute til høyring med frist for innspel den 13. mai. Endeleg vedtak skjer i kommunestyret i juni.

**Planen finn du på Haugaland Vekst si heimeside: <http://h-vekst.no/planer>**

# Store utbyggingsplanar i Våga

Jardar Havikbotn

**Tormod Våga har byggeklare tomter oppe i Vågaheiå. Feltet kan vera starten på ei stor tilrettelegging av bustadtomter og båtplassar dersom det kjem med i kommuneplanen.**

Entreprenør Odd Grønnestad har på sein vinteren i år sørga for tilrettelegging av tomteområdet. I tillegg til at det er gjort klart for straum, telefon, avløp, vatn og drenering, er det også lagt ned trekkerøyr til fiber, både frå Haugaland Kraft og Telenor.

Det er tre tomter att for sal på feltet. Prisen er kr. 890.000, og arealet er på 1,1 mål - store tomter etter dagens målestokk. *Heiå* er blant dei stadene på Bokn der ein ser veg og trafikk, men ikkje høyrer støy. Panoramautsikten er upåklageleg, der ein m.a. ser til Stavanger, Tananger, Kvitsøy, innseglinga til Skudefjorden og inn til Finnøy. Tursti-traseen opp på toppen av Vardafjellet er også i dette området. Eg får veta at det tar ein halvtime å gå opp til utsiktspunktet, og det kan du gjera på sandalar, dersom du kjem på rette stien.

Tilrettelegging av bustadtomter tar svært mykje tid for Tormod Våga, som også er ein av eigarane i boknafirmaet *Nibe*, som driv med bygging og sal. Dei har ein tomannsbustad (lik den på Øyrenfeltet) for sal som skal ligga på ei av tomtene i feltet, men firmaet planleggjer ein tomannsbustad i Føresvik først.

- Det går mange kveldar og helger i tillegg til den andre jobben (Trafikksentralsjef), seier firebarnsfare, som også er Senterpartiet sin ordførarkandidat til haustens val.

## Utbyggingsplanar

- Å ha tomter for sal er ein av dei største utfordringane Bokn har, om



Tormod Våga på byggefeltet på Heiå i Våga.



Panoramautsikt mot sør.

Foto: Tormod Våga

ikkje den største akkurat nå. Ein kan laga til kva ein vil, men folk må ha ein plass å slå rot, meinar politikaren, som har planar om å skilja ut 5,6 bustadtomter til, søraustover frå det tilrettelagde området, dersom det kjem med i kommuneplanen. I forslag til

kommuneplanen er det også fremma forslag om utviding av bustadområdet og båthamn innafor Akdsalsneset.

- Dersom det blir regulert til bustader og båthamn i Våga, så tar me sikte på å tilby bustadtomter med båtplass om ikkje så lenge, avsluttar Tormod Våga.

# Tilbod til nyetablerarar i Bokn

Inger K. Haavik

**Som nyetablerar har ein ofte eit behov for å sjekke ut ein rekke ting. Eksempler er kva lover og regler ein må forhalde seg til, kva organisasjonsform skal eg velge, om det er mogleg å få hjelp til finansiering, med meir. Bokn kommune har valgt å la sin næringsavdeling, Haugaland Vekst, ta seg av dette for dei. Tilbodet er blant anna:**

- Møter med veilederar i Haugaland Vekst for å kartlegge etableraren sitt behov for informasjon, rådgjeving, moglegheiter i Bokn Næringsfond, Innovasjon Norge, behov for bistand frå kommunens teknisk etat, med meir.
- Rådgjeving innan økonomiske og juridiske felt som angår etableringen
- Kurs på fleire nivåer, intro-

duksjonskurs, temakurs og etablerarkurs.

- Forum for etablerarar
- Vidareformidling av inkubertilbodet som er i Ipark Haugesundregionen.

## Start Opp-kurs

Ein vanleg start i forhold til ein som søker råd om kva som finst av moglegheiter i det offentlege virkemiddelapparatet, er eit møte der ein saman

med etableraren karlegg behovet. Ofte kommer og etableraren via Start Opp kursa som Haugaland Vekst arrangerer. I møtet får etableraren vite kva Haugaland Vekst kan hjelpe til med vidare eller kva andre moglegheiter som finnes, særleg innan det offentlege virkemiddelapparatet som til dømes Innovasjon Norge.


#### skape.no

For å gje etableraren eit best mogleg tilbod har Haugaland Vekst valgt å gå inn i Skape som er Rogaland Fylke sitt tilbod til etablerarane og som alle kommunane i fylket er med i. Bokn kommune er representert i styringsgruppa via Haugaland Vekst. Per i dag blir det arrangert kurser i regi av skape.no gjennom Haugaland Vekst. Disse blir arrangert rundt omkring på Haugalandet. Det kan være i Haugaland Vekst sine lokale i Meieriet i Hagesund, i Vindafjord, på Karmøy eller andre stader i distriktet.

I eigen regi arrangerer Haugaland Vekst introduksjonskurset Start Opp som er eit kort ettermiddagskurs for dei som tenker på eller er såvidt i gang med eigen verksemd og som ønskjer hjelp til å vite meir om kva ein må forhalde seg til av lover og regler i oppstarten. Om ein ikkje finner tid eller anledning til å komme til Hagesund for å ta dette kurset, er det mogleg å ta eit introduksjonskurs på nett på skape.no si heimeside.

#### Kurskalender

Det blir kvar vår og haust arrangert tematiske kurs som tar for seg for



skjellige emner som er aktuelle for ein etablerar. Disse går over ein ettermiddag temaer kan være korleis lage ein forretningsplan og kva skal den innehalde, markedsføring, sal og salsteknikk, budsjett og rekneskap, finansiering, med meir. Kva kurser som kjem finn ein på [www.skape.no](http://www.skape.no) der det er ein kurskalender som viser kursa som går i Nord-Rogaland. Om dei som blir arrangert i vår region ikkje passer, er det og mogleg å melde seg på dei som går i Sør-Rogaland.

Det blir og arrangert eit større etablerarkurs på 42 timar fordelt på 12 samlingar kvar haust på Meieriet, også dette er eit Skape kurs. Kurset gir ei djupare innføring i det å starte eigen bedrift og er innom ein rekke emner som er aktuelle. Blant anna innan forretningsidé, forretningsplan, val av selskapsform, økonomi og lønnssemd, osv.

#### I park Hagesundregionen (inkubator)

er eit tilbod til dei som har ein idé som har potensial i seg til å bli noe stort, dette kan være ein ny oppfinning, ein ny måte å gjere ting på, eit nytt dataprogram, i det helle tatt noe som på ein eller anna måte er noe nytt. Føresetnaden er at ein ser moglegheiter for at idéen kan vekse til noe større og gjerne så stort at ein på

lengre sikt kan sjå føre seg ein internasjonal marknad. Inkubatoren gjer tilbod om tett oppfølging og hjelp til å utvikle idéen vidare gjennom eit par år. For å komme inn i systemet må ein søke om opptak der berre dei beste idéane går i gjennom. Ei styringsgruppe knytta til Ipark Stavanger avgjer kven som får komme inn. I Nord-Rogaland ligg inkubatoren, Ipark Hagesundregionen på Karmøy i Rogaland Ressurscenter ved flyplassvegen.

Haugaland Vekst arbeider i desse dagar med å få på plass eit arrangement, Skape Forum for etablerarar. Dette er eit møte for etablerarar og grunderar der ein kan møte andre i samme situasjon og få inspirasjon og motivasjon til å fortsette. Ein reknar med at dette blir enten like før eller like etter ferien.

**Hovudkontakt for Bokn kommune i Haugaland Vekst er Inger Kallevik Haavik, tlf. 40405091 og e-post: [haavik@h-vekst.no](mailto:haavik@h-vekst.no).**

**For meir informasjon gå inn på:**

[www.h-vekst.no](http://www.h-vekst.no)  
[www.skape.no](http://www.skape.no)  
[www.innovasjon norge.no](http://www.innovasjon norge.no)  
[www.bedin.no](http://www.bedin.no)  
[www.inkubator.no](http://www.inkubator.no)

## Forvaltningsstyret og formannskapet



### Forvaltningsstyremøte 17. mars

#### Sak 013/11

#### Gnr 12 bnr 6 -Halvor Borgenvik, tilbygg/hagestove – dispensasjon.

#### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av tilbygg/hagestove slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på at eigeidomen allereie er bygd på og at tilbygga etter ei konkret og samla vurdering ikkje har vesentleg negative konsekvensar for dei tilhøve kommuneplanen er meint å ta vare på.

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne dispensere frå TEK10 med omsyn til krava til varmeisolasjon, og legg til grunn at tilbygga vert utført i samsvar med gjeldande føresegner.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket frå fylkesmannen eller fylkeskommunen, kan endeleg vedtak gjerast administrativt på delegert fullmakt.

#### Sak 014/11

#### Branntomt - gnr 11 bnr 292.

#### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

På bakgrunn av at det er her er tale om å bygge nytt etter brann, og at det av den grunn haster med å ta avgjørelse i saken, delegerer forvaltningsstyret til administrasjonen å dispensere fra kommuneplanen sin arealdel i samsvar med § 19-2 i plan- og bygningsloven hva gjelder avgjørelse om å føre opp ny bolig på gnr 11 bnr 292.

Før administrasjonen kan gi dispensasjon og godkjenning til nybygg må det foreligge positiv uttale fra landbruksmyndighetene, fylkesmannen og andre parter i saken.

#### Sak 015/11

#### Gnr 11 bnr 254 -Lars Magnus Alvestad -prinsippøknad bruksendring av sjøhus.

#### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

1. Forvaltningsstyret finn at bruk av naustet til perma-

nent selskapslokale er i strid med arealføremålet i kommuneplanen, og vil derfor ikkje gå inn for å godkjenne slik bruksendring, jfr § 11-6 i plan – og bygningslova.

2. Forvaltningsstyret vil vera positivt til ein søknad om reguleringsendring som opnar for bruk av bygget til selskapslokale. Planen må omfatta indre hamneområde.
3. Forvaltningsstyret finn at bruk av naustet til fiskerimuseum ligg innafor arealføremålet i kommuneplanen, og vil i prinsippet kunne godkjenne slik bruk.
4. Dersom det vert fremja ein konkret søknad om dette, må det gjerast nærare greie for korleis slik bruk vil verta lagt opp med omsyn til opningstider, bruk, brannsikring, parkeringsdekning osv. Naboar må varslast.

#### Sak 016/11

##### Tilbygg til fritidsbolig gnr 7 bnr 3 - Torfinn Våga.

###### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

I medhold av §19-2 i plan- og bygningsloven dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel og byggeforbudet i 100-meterssonen, for oppføring av tilbygg slik det er søkt om.

Det er lagt vekt på at eiendommen allerede er bygd på og at tilbygg etter en samlet vurdering ikke har vesentlige negative konsekvenser for de forhold kommuneplanen er ment til å ta vare på.

Dersom det ikke kommer klage på vedtaket fra fylkesmannen eller fylkeskommunen, kan endelig vedtak gjøres administrativt på delegert fullmakt.

#### Sak 017/11

##### Reguleringsplan for boliger i Alvestadkroken – 2. gangsbehandling.

###### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Forvaltningsstyret anbefaler at kommunestyret egengodkjenner reguleringsplan for Alvestad nord slik det fremgår av plankart og tilhørende bestemmelser datert 8. mars.

Saken legges fram for Fylkesmannen og Kystverket før kommunestyret sin behandling .

#### Sak 018/11

##### Meldingssaker.

###### Forvaltningsstyret sitt vedtak:

Meldingane blir å taka til orientering.

#### Formannskapsmøte 12. april

#### Sak 012/11

##### Brannsikring Boknatun og omsorgsbustader. Tilstandsanalyse og sprinkleranlegg.

**Formannskapet sitt vedtak:** Ein ser arbeidet med å tetta brannteknisk avvik på sjukeheimen saman med arbeidet

med å henta inn pris på sprinkleranlegg på sjukeheim og omsorgsbustader.

Det blir sett av i alt kr 200.000,-, som skal brukast til brannteknisk tilstandsanalyse på Boknatun samt til arbeidet med å prosjektera og henta inn pris for å kunna installera sprinkleranlegg i sjukeheimen og i dei frittliggjande omsorgsbustadene ved Boknatun.

Kr 50.000,- som i budsjettet er sett av til føremålet går inn i summen slik at tillegsløyvinga blir på kr 150.000,-. Midlane blir å henta frå konto for tillegsløyvingar.

#### Sak 013/11

##### Regelverk for utlån av kommunal minibuss i Bokn kommune.

###### Formannskapet vedtok.:

1. Rådmannen sitt forslag til "regelverk for utlån av kommunal minibuss i Bokn kommune" blir vedtatt som det foreligger med tillegg av at . privatpersonar kunna leiga busen mot betaling av km godtgjersle etter statens regulativ, p.t. kr. 3,65 + diesel.

2.Rådmannen blir gjeven mynde til å organisera driften av kommunal minibuss.

3. Avsette folkehelsemidlar frå 2010, med kr. 100.000,- blir disponert på følgjande måte:

- a. Kr. 25.000,- til drift av minibuss for 2011.
- b. Kr. 75.000,- blir avsett til fond, for å bidra til at minibussen blir brukt etter intensjonane.

#### Sak 014/11

##### Vedtak om etablering av folkehelseforum, Bokn kommune 2011.

###### Formannskapet sitt vedtak:

Bokn formannsskap vedtar rådmannen sitt forslag til oppsett og struktur for folkehelseforum for Bokn kommune, dette i henhold til kriteriane for tildeling av årets folkehelsemidlar. Politisk representant blir Tormod Våga.

#### Sak 015/11

##### Forslag til vedtak: Samansetjing arbeidsgruppa i Kjekt på Bokn.

###### Formannskapet sitt vedtak:

Bokn formannsskap vedtar rådmannens innstilling til samansetjing av arbeidsgruppa i Kjekt på Bokn. Arbeidsgruppa med verknad frå 01.april 2011 består av :

June Kro - leiar  
Lars Norekvål - nestleiar  
Helge Kristian Nilssen  
Johannes Nilssen  
Ingjerd Ellingsen  
Marita Svendsen  
Arild Ognøy  
Gunnar Bokneberg  
Torny Rossebø  
Kaj Arne Christiansen  
Leif Vatnaland  
Elisabeth Taraldlien



Framhald på neste side

## Framhald frå forrige side

### Sak 016/11

#### Uønska organisert kriminalitet.

##### Formannskapet sitt vedtak:

Bokn kommune vil med dette gje uttrykk for at kommunen tek problemet med organisert kriminalitet og 1% klubbane svært alvorleg. Bokn kommune vil difor med lovlege midlar gjera det ein kan for å hindra at 1% klubbar får etablera seg i kommunen.

### Sak 017/11

#### Ny skule, barnehage og fleirbrukshall.

##### Formannskapet sitt vedtak:

Samrøystes: saka settes ut til neste formannskapsmøte som blir 26. april kl. 19.00.

### Sak 018/11

#### Søknad om midler til næringsprosjekt.

##### Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet i Bokn løyver kr. 20.000 til søkjar til dekning av kostnader til utstyr, profesjonell hjelp og anna som må til for å få prosjektet ferdig. Før utbetaling må søkjar leggja fram budsjett for kostnadene.

### Sak 019/11

#### Søknad om kjøp av tomt i Knarholmen

##### Formannskapet vedtok:

Formannskapet i Bokn går inn for å selje teig av gnr. 11 bnr 185 til Alliance Invest Bokn AS som skravert på vedlagte kart datert den 11.04.2011 til ein minstepris. Rådmannen gis fullmakt til å forhandle prisen opp og inngå kjøpekontrakt på grunnlag av formannskapet sitt vedtak.

Formannskapet krev at kjøpar skal sørgje for at det er sikra tilgang for dei som brukar og eig nausta nord i Knarholmen. Dette gjeld og for verksemder på sjølve Grasholmen og i fiskerihamna generelt.

Bokn kommune skal ha rett til å krevje tomte tilbakeskjøtt dersom den ikkje vert tatt i bruk som planlagt og i følgje kjøpekontrakt innan 2 år etter underskrift av kjøpekontrakt.

### Sak 020/11

#### Søknad om tilskot til investering i ny slaktegrisavdeling.

##### Formannskapet sitt vedtak:

Bokn formannskap løyver tilskot til Erik og Berit Merete Øvrebo frå næringsfondet til deira satsing som fulltidsbønder i Bokn kommune.

### Sak 021/11

#### Betydningsfull bolig for fremtidens øysamfunn - søknad til Kommunal og regionaldepartementet 2011.

#### Formannskapet sitt vedtak:

Samrøystes vedtak: Saka settes ut til neste møte.

### Sak 022/11

#### Administrasjonens oppfølging av politiske vedtak - formannskapet.

**Formannskapet sitt vedtak:** Det blei vedtatt rutiner for oppfølging av politiske vedtak – formannskapet.

### Sak 023/11

#### Referatsaker.

**Formannskapet tok referatsakene til orientering.**

## Formannskapsmøte 26. april

### Sak 024/11

#### Uttale til regionalplan for næringsutvikling i Rogaland.

##### Formannskapet vedtok:

1. Bokn formannskap gir sin tilslutning til mål og strategier for satsingsområdene i planforslaget.
2. Bokn formannskap vil anse det som en styrke dersom planen også omfatter mål og strategier for næringsklynger og bransjer, da dette bl.a. vil synliggjøre utlike behov i ulike deler av fylket.
3. Bokn formannskap ber om at de årlige handlingsprogrammene sendes til høring på tilsvarende måte som dette planforslaget. I tillegg ber formannskapet om at de årlige handlingsprogrammene tar i seg kommunenes/regionenes satsingar som framkommer i de forskjellige næringsplanene.

### Sak 025/11

#### Næringsplan for Bokn kommune.

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet vedtek å leggja ut næringsplanen til offentleg ettersyn med fylgjande ny tekst når det gjeld visjon: "Bokn – senter i Rogaland – der bærekraftig vekst innen nærings- og bosetting møtes".

### Sak 026/11

#### Betydningsfull bolig for fremtidens øysamfunn - søknad til Kommunal og regionaldepartementet 2011.

**Formannskapet vedtok:** Formannskapet i Bokn finn ikkje å kunne gå inn for å sette av kr. 100.000,- frå næringsfondet til søknad saman med Utsira og Røver om midlar til prosjektet "Betydningsfull bolig for fremtidens øysamfunn"

### Sak 027/11

#### Ny skule, barnehage og fleirbrukshall.

**Formannskapet sitt vedtak:** Formannskapet sett saka ut til neste formannskapsmøte.



## Badenymfer

Unni W W Høivik

En fin vårdag etter påske var Eiril og jeg ute på sykkeltraining og dagens mål var nærmiljøanlegget. Målet ble nådd med litt frynsete tålmodighet både hos syklisten og den litt heseblesende motivatoren som har en drøm om å kunne ta sin datter med på en litt lengre sykkelturn en annen vakker dag...

Vel framme var det frem med vannflaske og bokstavkjeks. Midt under denne idylliske pausen kommer to sprudlende jenter også ned, og begynner å kle av seg. Som med alle andre fireåringer, så følger det med ett "hvorfors" i hver setning, og denne pausen var (dessverre) intet unntak.

- Mamma, koffor får di bada og ikkje eg?"

Jeg tenkte at Eiril dæur vel ikke av å bli våt på beina, så jeg foreslo at hun kunne ta av seg på beina og vasse litt. Fireåringen snur seg mot meg og sier:

- Mamma, eg vente heller te det blir skikkelige somma,r eg...  
Yes, endelig noe som har trengt inn...

Hvordan det gikk med badenymfene? De kunne til min store forskrekkelse fortelle at dette ikke var årets første bad.

Isbading. Det kan ikke kalles noe annet enn isbading. Og ut i fra utropene når de dukket overkroppen under og tok noen svømmetak, så kan det umulig ha vært den store nytelsen. Men at det var noen freske jenter, det var det ingen tvil om :)



28. april: Anja Aksdal Knutsen og Sylvia Vatnaland

Bygdabladet fekk også inn fleire baderapportar siste del av vårmånaden.

**18. april** var ein spesiell varm og fin dag. Då knipsa Venke G. Våge bilde av **Adrian Hesthammer** og **Kennet Espeland**, også det på badeplassen i Alvestad nærmiljøanlegg.

Same dag kom det beskjed frå Laupland om at Niklas K. Grønnestad, Simen Havikbotn og Ragnhild Laupland hadde tatt seg ein dukkert i Vågshaugtjernet på Hodl.

Og temperaturen?  
Det snakka ingen høgt om.....

- redaktøren -



## Innskriving av elevar

til 1. kl. i Bokn for skuleåret 2011/2012

Jardar Havikbotn

Desse skreiv seg inn på Bokn skule 29. april:

**Oppe i trea frå høgre:**

**Joshua Andreas Ognøy, Sondre Norekvål, Synne Marielle Jøsang, Markus Foss og Karianne Våga.**

**På bakken:**

**Framfor Karianne står Alida Vågen Alvestad medan Kelly Vatnaland og Joakim Øvrebø sit på steinen.**



# Kuslepp

Kari Hetland

**Det er snart tid for å slippe kyrne ut på fersk sommergras. Men ikke for alle.**

For tre stuter i knust vindu er det slakthuset som venter. De har vokst seg til slaktevekt-klassen og er for store til å slippe ut med wrestlingkreftene.

Resultatet etter en kamp er knust vindu (**bildet**). Fordelen er at de nå kan følge med i det som skjer på utsiden av fjøset. Den brune til høyre er sjefen. Han er størst med mest krefter og gir de andre et dunk i siden om de utfordrer plassen hans.

**Slik står de og følger med hva som skjer på tunet mens de drar inn frisk vårluft fra et knust vindu - enn så lenge.**



## ”Lesse for fæ, och helbrede Siug Anmarch”

Då Ingeborg Dagsland mista hovudet

Birger Lindanger

### Ussel, arm og husvill

Midt på 1500-talet, for mest eit halvt tusen år sidan, heitte ein av bøndene på Dagsland Stein. Han hadde døtrene Kirsten og Ingeborg og sonen Mikkel. Då Kirsten var rundt 20 år, gifta ho seg med Ola Boknaberg. Ekteskapet vara i 20 år til kring 1590 då Kirsten døydde. Ola gifta seg då syster hennar, Ingeborg. Sidan levde dei i lag til kring 1618 då Ola døydde. Dei var leigendingar på Boknaberg, og då Ola døydde. Han let etter seg den lut fattige Ingeborg utan tak over hovudet: ”Ussel, arm och saa husvild”. Ho ba tynt om å bli verande i huset sitt på Boknaberg, men blei brutalt jaga på dør, skaurvet og full av sår som ho var. Sidan budde ho mykje hjå broren her på Dagsland.

For Ingeborg, som var 60 år då mannen døydde, starta ei vanskeleg tid. Ikkje fekk ho gifta seg opp att og ikkje hadde ho born til å ta seg av seg. Så fann ho ein leveveg med hekseri og trolldom. I tider då medisin og legar ikkje var tilgjengelege, var slike ”kloke” koner stort sett det einaste ein hadde å ta til. Mellom anna blei ho lært av Baltasar Østhus på Rennesøy og Arnbjørg Olsdotter frå Sæbø.

### ”huer mand ... frøctede for hinders wrede”

Ingeborg spesialiserte seg på husdyra, ho kunne ”Lesse for fæ, och helbrede Siug Anmarch”. Ein annan spesialitet var å stilla avundsjuke. For avund var skadeleg og kunne gjera folk og fe sjuke. Mellom folk heitte det at ho òg kunne gjera skade, kasta sjukdom på folk og fe. Dessutan kunne det gå år mellom kvar gong ho gjekk til nattverd. Alt i alt tok folk til å bli redd henne. Ho fekk eit vondt rykte for trolldom ”saa at huer mand hun omgickes med, frøctede for hinders wrede”.

Mellom anna gjekk det ut over Arne Jakobsson som flytta inn då ho flytta or huset på Boknaberg. Etter at Ingeborg hadde drive gard-i-mellom nokre år, gjekk ho til Arne og spurde om ho ikkje kunne få husrom der. Men ho var både skitten og skabbet, så Arne og kona nekta henne. Då

sa Ingeborg at: ”det ehr mig tungt, det schall bliffue Hannom thynger”. Og ho lova at kona hans, Ingeborg Knutsdotter, skulle bli ”Usell och Arm saa och husvild” – nett som ho sjølv var.

Snart etter blei Arne sjuk. Sidan låg han år og dag med stor smerte og pine. Og då han låg på det yttarste kring 1630, skulda han Ingeborg for sjukdommen og at han døydde. Med kona gjekk det sidan som Ingeborg spådde, då mannen døydde, blei ho ussel, arm og husvill.

### Ho var som forbistred

Også Erik Boknaberg fekk merka heksekunstene til Ingeborg. Ein dag i 1625 kom Ingeborg til Erik og kona og spurte om å få eta hjå dei – ho var så styggeleg svolten. Dette avlo dei, og eit par dagar etter blei ei av kvigene deira ”forbistred”. Ho sleit opp jorda med klauvene og korkje tau eller hefte makta å halda på henne. Det var Ingeborg som hadde kasta trolldom over henne.

Snart etter fekk Halvard Dagsland røyna kor farleg Ingeborg var. Ein fredag i 1631 dukka Ingeborg opp då dei mjølka på stølen. Ho spurde om å få litt, men blei nekta. Straks etter låg ei ku daud for han utan å ha vore sjuk eller noko.

Guttorm Vatnaland klaga også over Ingeborg. I 1628 kom Ingeborg til han og ba om litt mjølk. Dette nekta Guttorm henne. Neste morgon skjedde det underlege, at tarmane kom or livet på ein ung hest han hadde. Sidan sprakk skinnnet og dyret døydde. Guttorm var sikker på at dette hang saman med at Ingeborg var trolldomskunnig og han kunne fortelja at Ingeborg i langsameleg tid hadde eit vondt rykte på seg for dette.

Liknande hendingar fortaldes over heile bygda. Blei noko sjukt og Ingeborg på førehand hadde vore i nærleiken, fekk rykta nye påfyll.

### ”miste mehre for mindre”

Ho budde ein del hjå bror sin, Mikkel Steinson her på Dagsland. Mikkel var gift med Kari og dei to tok over garden etter foreldra

hans. Men Mikkel tålte lite at Ingeborg dreiv og rak i heimen deira. Ein dag i 1626 hadde Ingeborg kome til svigerinna si. Ho sette seg i forsætet i stova og drøste med Kari. Då kom Mikkel inn. Straks han såg Ingebjørg, jaga han henne på dør. Ho var både sår og skurvet, let han om, og ville ikkje ha henne i huset.

Dette lika Ingeborg ille, og straks etter blei ei av kyrne til Kari og Mikkel svært sjuk. Det var ikkje anna råd enn at Kari fekk gå til Ingeborg og be om at ho gjorde kua god att. Ingeborg sa at det kunne ho gjera, bare ho fekk mjølka av kua i åtte dagar. Slik blei det også, Ingeborg gjorde kua frisk. Tilhøvet mellom Kari og svigerinna var ikkje godt. Ein gong tok Kari ein amber frå henne. Då truga Ingeborg med at ho ”schall miste mehre for mindre”. Neste morgon mista Kari sju kyr og to hestar. Dei hadde fått slik ein uvanleg sjukdom, liksom dei var ”forbistrid” let ho om. Det verste var likevel at Kari meinte Ingeborg hadde gjort broren ”Vseduahnlig” sjuk, ein sjukdom som i 1628 sende han til sengs i fire år før han døydde.

### Dømd til bål og brann

Ingeborg delte elles kundar med Anbjørg Sæbø. Erik og Ingeborg Are var fælt plaga av rotter og mus og leigde Anbjørg Sæbø for at ho skulle driva dei bort. Og når ho fyrst var på garden, betalte han henne også for at ho skulle lesa ”i salt och Brød” så Erik skulle gjera godt fiske med nota si. Jamvel lensmannen, Ola Fosen, kunne fortelja at han hadde høyrte om det vonde ryktet til Ingeborg frå han kom til garden i 1629. Når ingen torde gjera noko, var det nok fordi dei var redde henne.

Men til sist – sommaren 1633 – tok dei mot til seg og stemnde henne for trolldom. Ho blei og dømd, ho ”bør at straffes med Baall och Brand”. Det innebar at dei hogde hovudet av henne. Det blei sidan sett på stake til skrekk og åtvaring medan kroppen blei brend. Venteleg sto hovudet på stake på Boknaberg. Men før Ingeborg døydde, fortalte ho om Anbjørg. Så var det hennar tur å møta for tinget.

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Denne gongen var det særleg uttrykket *eit tøkje* som skapte vanskar. Kring i Bokn har me fleire *tøkje* nemnde etter den garden som bruka dei. Det tyder altså *ein innhegning der ein fangar dyra*.

## Så forklaringa til dei førre uttrykka:

1. begjeven	Besett, nokon som gjentek noko til det irriterande
2. ein tase	Svekling, ein det er lite med
3. dauren	Skjelven
4. jamråga	kant i kant
5. eit hylkje	behaldar, spann, boks
6. å uveda	besvima
7. forlegjen	flau
8. eit tøkje	innhegning til å fanga dyr i
9. ikkje naderen	ingenting
10. i baddel	gå i surr

Også denne gongen var det nokre vrine utfordringar og det var bare ein som hadde alt rett. Men me let oss imponera også av både åtte og ni rette.

### Dei beste denne gongen var:

1. Andor Borgenvik	alt rett
2. Audhild Svensen Alvestad	9 av 10
3. Sjukestova	8 av 10
3. Oddbjørg Bokneberg Øye	8 av 10

Samla poengsum etter eit år er avgjerande for kven som blir den endelege vinnaren og kan ta mot billetter til cruiset.

## MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. å ha vidlonn
2. håvetomla
3. å kre for
4. nøben
5. maroder
6. maska
7. mehe
8. ruttlitte
9. pillement
10. transla

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 10. april**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

### Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL	post@bygdabladet.no
SMS	98 22 15 08
BREV	Bokn Bygdablad Boknatun 5561 Bokn

# Kjæledyret mitt

Tanja

Iselin Hidle

Eg heiter Tanja og er fire år. Eg kom til Bokn då eg var to og 3/4 år.

Når eg går tur, går eg ofte med Milli. Og eg likar å vera ute å leika og bli heven pinne til, då hoppar eg kjempehøgt.

Av og til så er eg rampete, då gjer eg ikkje alltid det eg skal. Maten eg elsker er tørrfor og leverpostei, nam nam! No gler eg meg til sommaren, for då kan eg bade. For nå er eg veldig lei av vinteren!!

Eg likar å halde på med fotballar, eg har øydelagt mange.



Neste gong fortel Sylvia Vatnaland om hamsteren Stratos.

Alle med kjæledyr kan vera med i serien.  
Ta kontakt på  
post@bygdabladet.no  
Tlf. 98 22 15 08

# Folkehelsekoordinator/prosjektleder Kjekt på Bokn

Jardar Havikbotn

**Anne Elisabeth Askeland har hatt den nyoppretta folkehelsekoordinator-stillinga i Bokn kommune sidan 1. januar i år. Boknarar flest forbinder ho med Kjekt på Bokn-prosjektet (KPB).**

37-åringen er nemleg også prosjektleder for KPB, noko ho har vore sidan 01.01.09, og fortsatt er. Folkehelsearbeidet og KPB-arbeidet går naturleg over i kvarandre. Partnerskapsavtalen om folkehelse, som Bokn kommune inngjekk med Rogaland fylkeskommune i fjor haust, skal m.a. - via folkehelsekoordinatoren - vidareføra dei KPB-prosjekta som er påbegynte.

Med utgangspunkt i anbefalingar frå Rogaland fylkeskommune ønsker ein å få til den same type partnerskapsmodell med frivillige lag og organisasjonar.

- Saman skal me då få til dei tiltaka som på sikt gjer at me kjem i mål med målsettingane fra Departementet, fortel ho, på klingande hardangerdialekt. Anne kjem frå Innstranda i Kvam kommune, rett utfor Norheimsund

Folkehelsekoordinatoren i Bokn skal koordinera og tilrettelegga for iverksetting av tiltak som gjer at boknarane kan ta sunne val for si eiga helse. Stillinga er i rådmannens stab, og skal sikra at ein får planført målsettingar og strategiar.

Det skal også etablerast eit folkehelseforum, som skal vera eit organ som skal vera med å sørga for å utarbeida ein handlingsplan for folkehelse for Bokn kommune.

- Skal me lukkast i folkehelsearbeid, må me jobba på tvers av alle sektorane i kommunen, forklarar Anne.

Når ho har KPB-hatten på seg, jobbar ho mykje meir tiltaksretta.

- Då er eg apekatten som er ute høgt og lågt og vanskeleg å styra, ler ho, og nemner stikkord som Trim for eldre, Holmenkollstafetten, Boknafjell-prosjektet og blompepynting.

## Lokale utfordringar

- Kan du seia noko om kor ein ønsker at hovudfokus i arbeidet skal ligga?

- Det ligg ein del føringar frå fylket, dog ikkje heilt fastspikra. Det viktigaste for å få til folkehelsearbeid i Bokn kommune er å tilrettelegga for tiltak som er baserte på lokale utfordringar. Det hjelp ikkje om fylket ønsker å ha fokus på eit felt viss ein ikkje har den problematikken i Bokn.

- Me ønsker å få kartlagt kva som er utfordringane i Bokn kommune, og kor skal me leggja inn innsatsen, fortel ho entusiastisk, og legg til at Bokn kommune har definert å sikra gode opp-



Anne Elisabeth Askeland

vekstvilkår for barn & unge som hovudsatsingsområde. Andre viktige satsingsområde er erfaringsoverføring på tvers av generasjonar og tiltak for økt fysisk aktivitet.

Anne likar å jobba direkte med enkeltmenneske. Ho trivst med å få lov å gå på utfordringane og til å motivera folk til å gjera det godt for medmenneska sine i det daglege.

Ho har lyst å jobba i Bokn kommune i mange år framover, og har stor tru på framtida til Bokn

- Eg har blitt veldig glad i Bokn kommune, seier dama som også er veldig glad i Frankrike.

- Eg er frankofil som få, og har ein stor draum om å kjøpa meg eit bittelite krypinn oppe i ei dalside på den franske riviera – det er veldig god folkehelse å våga ha draumar.

## Bakgrunn

Etter vidaregåande skule reiste ho til Frankrike som Au Pair. Ho meiner at eit år i utlandet burde vore obligatorisk for alle som går ut av vidaregåande skule.

Tilbake i Norge tok ho forprøvar, kjemi og fransk for realistar, såkalt Mattnatt (Matematisk naturvitenskapeleg Fakultet) ved Universitetet i Bergen. Så blei det farmasi; reseptarutdanning ved Høgskolen i Oslo. Ho har også ein del fag frå entreprenørskapslinja på Høgskolen Stord/Haugesund samt helseøkonomi, styrekompetanse frå BI og til slutt prosessledelse.

Ho har jobba i apotek rundt Oslo, i Hardanger og rundt Stavanger. Legemiddelkonsulent med ansvar for distriktet Kristiansund N til Kristiansand S har ho også vore, i tillegg til rådgjevar på fagkontor for legemidlar. Og før ho kom til Bokn, var ho forretning-

sutviklar ved Rogaland ressurscenter i tre år.

## Svært aktiv

Hardingen bur på Kolnes, og er åleineemor til to, etter eit nyleg samlivsbrot.

Ho er veldig glad i å røra på seg, spesielt å springa Kolnes rundt, eller inne på tredemølle (dagen før intervjuet blei 1 mil på tredemølle gjennomført). Og det kjem heller ikkje som ei bombe at ho er styreleiar i idrettslaget, og har aerobic-timar kvar veke på Kolnes. Aerobic-instruktør har 37-åringen vore i snart 20 år nå.

- Eg hadde ikkje klart dei hektiske dagane viss det ikkje hadde vore for at eg var i så mykje fysisk aktivitet, seier ei som også kunne gått på kino fire gonger i veka. Det er fransk og italiensk film som står øverst på lista.

Ho er også glad i å reisa, og å lesa og strikka og sy. Ja, ho kan faktisk sitte i ro, men ikkje mykje, smiler ho.

- Men å evna finna roen er avgjerande for å vera så aktiv som eg er.

## Den største utfordringa

- Det mest utfordrande med jobben er å klara å kommunisera ut viktigheten av nå å spissa innsatsområdet. Me skal prøva å få planført ein del tiltak for å bli sikre på at det er pengar til å ta dei vidare, slik at dei ikkje berre blir eit blaff. Samstundes så skal me ha tiltak fortløpende heile vegen.

- Den aller største utfordringa er kanskje at tida ikkje strekk heilt til, så det handla om å få strukturert seg godt nok til å få gjort det ein skal.

## Holmenkollstafetten

Det er påmeldt eit mix-bedriftslag frå Bokn kommune til Holmenkollstafetten 14. mai. Prosjektet er eit ledd i at folk må røra på seg, og Anne tenkte at ein

ofte må sjå til seg sjølv først, og gå foran som gode forbilde. Ho nemner at det kanskje til neste år kunne vera eit kommunelag og eit lag med andre.

- Berre me får folk til å røra på seg, vera i bevegelse, vera bevisst på at ein sjølv må ta ansvar.

At den enkelte har eit heilt opplagt ansvar når det gjeld å ta vare på helsa si, nemner Anne fleire gonger i løpet av samtalen. Råd for fysisk aktivitet sende for ei tid tilbake ut ein rapport, som seier noko om organisert tilretteleg-

ging i kraft av frivillige lag og org. Det står det m.a. at ein bør tilrettelegga for aktivitar kor folk slepp å følge klokka, som for mange betyr eit stressmoment. Folk må få gå tur når det passar dei, og må ha muligheten til å velja sunt og helsefremmande for seg sjølv.

#### Nye prosjekt

Anne har mykje på hjarta og boblar ofte over av idear. Ho håpar på å rydda meir tursti, og har også ein draum om å tilrettelegga for motbakkeløp frå sjøen og opp til toppen av Boknafjellet.

Trim for eldre har vist seg å vera ei damegreie, og ho trur at eit bocciaprojekt skal få mennene ut av godstolen. Anne har også stor tru på å ta laurdagsnopet tilbake, og at naboane må bry seg meir, og snakkar om "sakleg kjefting frå nabokjerringå".

**Bokn kommune er heldig som har knytta til seg ei dyktig dame med stor arbeidskapasitet, nettverk og kompetanse.**

**Bygdabladet ønsker lukke til vidare!**

## ☺ Smiley - Appetitt på livet ☺

Anette Lundervold

### Nyhet: utvidet åpningstid (kl 11-15.30) – velkommen til lunsj hver torsdag!

"Smiley" ble navnet jeg valgte for cafeen som ble åpnet i slutten av mars, i første omgang som et "etter skoletid måltid" for barn og ungdom. Jeg vil inspirere til økt inntak av frukt, grønt og kostfiber.

Det er flere ting som motiverer meg når det gjelder denne cafeen og navnet Smiley. Å gi et smil koster lite men kan bety mye. Jeg ser på "Smiley" som et folkehelsearbeid, hvor målet er økt livskvalitet. Uansett hvor lite noe er, tror jeg på ringvirkninger. "Smiley" eller på norsk – smilefjes, ser jeg også som et kvalitetsstempel.

Vi kan tenke oss tv programmet "Tv 2 hjelper deg" hvor de tester ulike produkter og der de beste kommer ut med et flott smilefjes. Vi kan her overflytte denne vurderingsmåten over på livet vårt, der "a life we love" (noenting klinger best på engelsk) kommer ut med et flott "smiley". På en skala fra 1-10 for livskvalitet kan vi gi et smilefjes om vi ligger på 6-10, 4-5 blir verken eller og 1-3 får et surt fjes. Muligens trenger vi å være på 6 eller mer (på det jevne) når det gjelder vår livskvalitet om vi riktig skal ha stor appetitt på livet og fungere godt i relasjoner og i våre daglige arbeidsoppgaver.

Det gjelder å fokusere på muligheter heller enn begrensning. Mye her i livet avhenger av våre overbevisninger og vaner, du kan være din beste venn eller din verste fiende. Det er dine egne valg som har størst innvirkning på hvor på livskvalitetskalaen du befinner deg akkurat her å nå. Og - akkurat nå kan du gjøre et valg/en endring som kan gjøre livet bedre, slik at du kan svare "Ja" på sjekkspørsmålet "do i have a life I love?/har jeg et liv jeg elsker?", i det minste er det viktig å være i retning av et liv du elsker.



Det er viktig å se de gyldne mulighetene for glede/begeistring. Jeg må få si jeg har hatt en fantastisk påskeferie, der jeg virkelig har jaktet på muligheter til begeistring – og jeg har fått kreditt for det – jeg har stadig "sjekket" tilstanden med spørsmålet "har jeg et liv jeg elsker?" – Og overraskende nok har jeg svart et klart "ja" på dette spørsmålet *mange* ganger. Det er jo fantastisk, og når jeg svarer "nei" eller "tja" er det ingen grunn til panikk, da gir jeg meg selv valget: "vil du fortsette med å gå i grøfta (alt som hemmer livskvaliteten) eller vil du velge å være på sporet av et liv du elsker? Og selv et babysteg i rett retning fortjener ros – så sett i gang med å vær god mot deg selv du også og skryt når du velger å gjøre livet ditt bedre.

Det er utrolig hva en kan velge å gjøre i en ferieuke, denne påsken valgte jeg å gjøre ganske mange ting – først kjørte jeg og ungene over fjellet til søsteren min og familien. Der var foreldrene mine også nettopp kommet etter 3 mnd i Spania. Det var stor begeistring ved gjensyn (av unger kan vi virkelig lære "å gjøre begeistring"). Deilig var det å spise is på Aker brygge i det varme været (første fornemmelse av sommer). Og jeg som elsker "det glade cafeliv" kjente stor begeistring

for et nyoppdaget konsept "Marche - markedsrestaurant". Konseptet dreier seg kort fortalt om sunn, fersk og trendy "fastfood".

Et annet inspirerende cafebesøk senere i påsken var på "Provianten", i Mandal. Det gjelder å finne opplevelser som trigger gode følelser. Og når det gjelder for eksempel å gjøre en kjøretur på 9 timer (+ pauser) med tre små barn vellykket gjaldt det i alle fall å jakte etter muligheter for begeistring (og bra er det da at små barn har lettere for å bli smittet av begeistring, og det hjelper å overdrive litt for gjerne å overbevise seg selv om at noe er morsomt (om en ikke har det for vane å være begeistret).

Det er nettopp det å inspirere jeg ønsker med Smiley – inspirere folk til å gjøre gode valg i hverdagslivet. Inspirasjon tror jeg er den beste motivasjonsfaktoren. Jeg vil vise hvor lett det kan være å velge noe som både smaker godt og virker godt. Jeg vil sette kvalitetsstempelen "Smiley" på den deilige smoothien du kan få kjøpt i cafeen hver torsdag. –Sunt, godt og fristende! Overskuddet av salget i cafeen vil gå til barnehjem i Afrika og Asia. Det skal lite til for å gjøre livet bedre for andre også. ☺

# Kulturkalenderen

## Mai

- 13. Kino i Auditoriet
- 15. Bokn bedehus: Møte – NMS kl. 19.00
- 17. Gudsteneste kl. **10.30 - sjå elles midtsidene**
- 21. **Konsert i gymsalen kl. 20.30 med Roger Handeland, Hibbi Mannes, Ingebjørg Andrea Gismervik og Anne Tove Øvrebø med band - sjå s. 24**
- 22. Gudsteneste kl. 11.00
- 22. Bokn bedehus: Familiemøte kl. 16.30
- 26. Bokn pensjonistforening: Møte, Allrommet kl. 17.30
- 27. Kino i Auditoriet
- 27./28. Overnattingstur for oppdagarane
- 27.-29. **Tur til Vågholmen for vandrarene**
- 28.-29. **Leir på Blikshavn for stifinnarane**
- 29. Bokn bedehus: Møte – Normisjon kl. 19.00

## Juni

- 05. Gudsteneste kl. 11.00
- 07. **Kulturskulekonsert i Auditoriet kl. 18.00.**
- 08. **Basar på skulen, arr. Bokn sanitetsforening**
- 10. Kino i Auditoriet
- 12. Gudsteneste kl. 11.00 i Tysværkyrkja, felles Bokn og Tysvær
- 19. Gudsteneste kl. 11.00 ute i Loden, felles for Bokn og Tysvær

Endringar og nye arr. er **utheva**.

- 23. Jonsokfeiring på Nærmiljøanlegget på Fyren, arr. Bokn KFUK-KFUM-speidarar

## Juli

- 16. Sommarmarknad på kaien i Føresvik

### GYMSAL, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Fotball G13	16.30 - 17.45	Grethe Alvestad
	Bokn skulekorps	17.45 - 20.00	Lillian Grønnestad
	Bokn Brass/RH	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Barnetrim	16.30 - 17.30	Catharina Øvrebø
	Friskis & Svettis	20.00 - 21.00	Anette Våga
Ons	Allidrett	16.15 - 17.00	Svein O. Alvestad
	Fotball G9	17.00 - 18.00	Grethe Alvestad
	Fotball G11	18.00 - 19.30	Grethe Alvestad
Tor	Fotball 8 år	17.00 - 18.00	Erik Våga
	Fotball J10	18.00 - 19.00	Sonja Mikkelsen
	Friskis & Svettis	19.00 - 20.00	Anne L. Faye
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Trond Vatnaland

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 3 1991

### TERMINALBYGGET PÅ ARE UNDER TAK

Statens vegvesen sitt terminalbygg ved Arsvågen er nå til påske ferdig reist med tak, dører og vinduer.

Innan 3. juni i år skal bygget vera innflyttingsklart. Det er byggeleiar Hans Faye som opplyser dette til Bygdabladet.

Bygget er endra i forhold til tidlegare planar, og har nå fått ei litt anna utforming enn først tenkt.

Det er på 530 kvadratmeter fordelt på to etasjer. Utanom ankomsthall, ventrom og storkiost/kafeteria er det i 1. etasje også lager, kjøken, kontor og toalettrom.

I 2. etasje er det lokaler på 265 kvadratmeter. Det er ennå ikkje avgjort kva desse skal brukast til. Det kan innstallerast heis til 2. etasje. Det er firma Odd Hansen A/S frå Karmøy som set opp bygget.

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Driftavegen 9 (Gnr 11, bnr 104)** er solgt for kr 2.400.000 fra Roy Magnus Eltvik Tjøsvoll til Leo Goa Pedersen

(02.03.2011)

**Øyren 12 (Gnr 4, bnr 21, seksjon 2)** er solgt for kr 1.840.000 fra Nibe as til Grete Kro

(06.04.2011)

**Øyren 10 (Gnr 4, bnr 21, seksjon 1)** er solgt for kr 1.840.000 fra Nibe as til Vegar Våge

(06.04.2011)

**Alvestadkroken 17 (Gnr 11, bnr 139)** er overdradd fra Arvid Holberg til Brit Holberg

(18.04.2011)

Overdragelsen omfattar også andel av Gnr 11, bnr 158

Overdragelsen omfattar også e.d. i Sauda kommune

Kjelde: Statens kartverk

# 17. mai 2011



## NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag,  
en sommerkveld ved fjord og fosseveile,  
fra eng og mo med furutrær,  
fra havets bryn med fiskevær  
og til de hvite skjær,  
møter du landet i trefarvet drakt,  
svøpt i et gjenskinn av flaggets farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heien  
rammer stripen på blåkløkker inn  
mot den rødmalte stuen i veien;  
Det er flagget som vaier i vind.  
Ja så hvit som det hvite er sneen,  
og det røde har kveldsolen fått,  
og det blå gav sin farve til breen,  
det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund på benken i  
Studentertulund der sitter han og hun,  
to unge nyttsprungne russ,  
to ganske nylig tente bluss,  
i tyve grader pluss.  
Hun er som en gryende forsommerdag  
som farves av gjenskinnet fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,  
og så rødt som det rø` hennes kinn,  
hennes øyne er blå som fiolen,  
hun er flagget som vaier i vind.  
Han har freidig og hvitlugget panne,  
og en lue i rødt har han fått.  
Med en lyseblå tiltro til landet  
står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

## NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet, værbitte over vannet med de tusen hjem,  
elsker, elsker det, og tenker på vår far og mor  
og den saganatt som senker drømme på vår jord,  
og den saganatt som senker, senker drømme på vår jord.
5. Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt såg ut.  
Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har greitt,  
har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett.  
Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett.
6. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet værbitte over vannet, med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet for dets fred slår leir.  
Også vi, når det blir krevet For ::dets fred:: slår leir.

## PROGRAM 17. MAI 2011

06.30	Salutt frå Boknafjellet
10.30	Gudstjeneste i Bogn kyrkje
11.00	Kiosk opnar i Førsvik
11.15	Oppstilling til folketog Folketoget går frå Kyrkja, veg om barnehagen til Boknatun
11.40	Musikkorpsset spelar ved Boknatun og går deretter ned til Førsvik kor det er kapproing
12.00	Kapproing i Førsvik
12.00	Kiosksal og matservering startar på skulen
13.15	På skulen: Velkommen Jostein G. Larsen Allsong Festtale ved Birger Lindanger Musikkinnslag Appell v/ungdomsskulelevar
14.30	Leikar for barn og vaksne
15.45	Barnekoret syng
16.00	Treknningar – premieutdeling Avslutning – allsong: Ja vi elsker

Bogn musikkorps	-	korpsmusikken, tombola, pill- og ballkast
Bogn båtforening	-	kapproing i Førsvik
Bogn skyttarlag	-	luftigeværskyting
Speidaren	-	karusell
Bogn idrettslag	-	trial, kiosk, barneleikar
Bogn hagelag	-	pynting
Havnavegen velforening	-	lykkehjul
Bogn Paintball Klubb	-	paintballskyting
Austre Bogn Bygdalag	-	spikerkonkurranse
9. Klasse	-	middag, kaker, kaffi

## VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai-komiteen 2011

## KONGESONGEN

Gud sign vår konge god  
Sign han med kraft og mot  
Sign hjem og slotti  
Lys for ham ved din ånd  
Knytt med din sterke hånd  
hellige troskapsbånd  
om folk og drotti!





# Gratulerer!

Send bilde og tekst til [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no) eller MMS til 98 22 15 08



**Hans Rune Øvrebø 38 år, 1. april**

Me vil gratulera den unge og spreke pappa vårs med 38 årsdag den 1. april.  
Me er kjempeglå i deg! Kosa oss med kaker!!  
**Klemmer fra Monika og Joakim!**

**Kjære Hans!**  
Gratulera med dagen!  
**Klemmer fra din Janne for alltid!!**



**Ingleif Kro 27 år, 4. april**

Gratulerer med dagen!

**Hilsen mor, far og brødre**



**Elly Borgenvik 55 år, 6. april**

Gratulera så masse med 55 års dagen kjære mamma, svigermor, mormor og farmor!

Du betyr alt for oss! Kjempeglad i deg :)

**Store klem frå adle dine!**



**Matilde Skjelde 5 år, 7. april**

Gratulerer så masse med 5 års dagen.

**Hilsen mamma, pappa, Lisbeth og Joakim**



**Glenn Taraldlien 29 år, 12. april**

Gratulerer med dagen!

**Klem mamma og pappa**



**Linnea Øvernes 3 år, 14. april**

Gratulera så masse med 3-årsdagen!!

Eg e kjempeglad i deg:)

**Bursdagsklem fra Målfrid**



**Thea Alvestad Espeland 5 år, 15. april**

Gratulera så masse med 5 års dagen til go'jentå våres. Masse glad i deg!

**Klemmer fra mamma, pappa, Emilie og Kenneth. Spragle, Vanilje og Trampe hilse og:)**



**Mathias Olsen 8 år, 16. april**

Me vil gratulera den kjekke gutten vår med 8 års-dagen!

**Hilsen mamma, pappa og Karina**



**Ingrid Håland 75 år, 20. april**

Gratulera med dagen.  
Me set alle utruleg stor pris på deg!

**Hilsen og klem fra barn,svigersøner, barnebarn og oldebarn**



**Ingrid Nesse Hetland 12 år, 24. april**

Gratulerer med dagen til jenta vår som vi er kjempeglad i.

**Hilsen, mamma, pappa, Karen, Gabriel og "Desmo"**



**Mathias Knutsen 3 år, 1. mai.**

Vil hilsa te den søte lillebroren min så fylte 3 år søndag 1. mai. Du e blitt "mängen" år og ganske kul nå! Eg får ikkje bestemma så møje lengre, men eg får jo kos av deg og du e ganske løyen for meg av og te.

Masse kos og klemmer fra storesøster Madelene.

**Mamma & Pappa hilser så mye også, til gogutten. Gratulerer!**



**Celina Bokneberg 17 år, 5. mai**

Gratulera med 17 års dagen, Celina!

**Stoor klem frå mammsen**



## Juridisk rettleiing for innbyggjarar i Bokn kommune

Tekst: Gro Sørensen - foto: Jardar Havikbotn

**Innbyggjarar i Bokn kommune kan nå få gratis juridisk rettleiing i Servicetorget av advokat frå Advokatkontoret Vik Vestly AS.**

Bokn kommune er med i Justisdepartementet sitt pilotprosjekt som går ut på å gi gratis førstelinjerettshjelp til dei som ynskjer det.

Ordninga er uavhengig av inntekt og formue og gis innan alle områder med unntak av straffesaker og spørsmål frå sjølvstendig næringsdrivande vedrørande eiga verksemd.

Dei advokatane som deltek i ordninga og som ein vil treffe på i servicetorget er eksterne advokatar frå advokatfirma Vik Vestly AS.

For at tida med advokaten skal bli nytta på ein god måte er det viktig å tenkje gjennom i forkant kva informasjon advokaten treng å vite og kva ein skal ta med seg til konsultasjonen.

Førsterettshjelpa vil ha fast dag i servicetorget ein gong i månaden nå i byrjinga. Desse dagane fell på onsdager frå kl. 13.30 til kl. 15.30 og fylgjande datoar er fastsett:



Advokat Sturla Vik Vestly

**onsdag 30. mars, onsdag 11. mai og onsdag 1. juni**

Det er sett av 30 minutt per konsultasjon, men det er inga begrensning i kor mange besøk ein kan ha i året. Brukar må også vera busett i kommunen.

**For timebestilling kontakt Service-**

**torget på tlf: 52752500 eller på mail; [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)**

Bokn kommune er glade for å ha fått i stand denne ordninga for innbyggerane i Bokn kommune og håpar at ordninga blir nytta.

Alle som bestiller time vil få utdelt serviceerklæring.



## Avslutningsmarkering

Tekst: Tore Bøe Olsen - foto: Jardar Havikbotn



**Måndag 4. april vart det markert at ein epoke er over. Med alle tilstades nytta ein høve på personalmøtet til sjukestova, til å markera at Torunn Hognaland og Helga Alvestad tidlegare i år avslutta sine tenesteforhold ved kjøkkenet på sjukestova.**

Torunn starta å jobba i kommunen 1. sept. 1985, medan Helga starta 10. aug. 1987. Båe to har altså vore med heilt frå opstarten av sjukestova, hausten 1987. I desse åra har Torunn og Helga vore berebjelekar i drifta på sjukestova. Dei har alltid vore nokon ein har kunna stolt på, som har stilt opp og stått på, og laga god og næringsrik mat til bebuarar og heimebuande.

På avslutningsmarkeringa blei det servert smørbrød og kake, og Torunn og Helga fekk overrakt blomar og gåve frå kommunen for lang og tro teneste. I tillegg fekk Torunn tildelt gratiale for



Fv. Helga Alvestad og Torunn Hognaland

25 års teneste.

Alle me på sjukestova og i kommunen

vil takka dykk bae for dykkar tid i Bokn kommune, og ønska dykk lukke til i pensjonisttilvære.

# Kulturprisen 2011

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2009.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

## Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen	2005
(Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland)	
Odd Grønnestad	2009

## Stikkord for desse personane har vore:

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold, kvalitet og jamneske.

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret ([jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

**Frist: 1. juli**



Odd Grønnestad (tv.) fekk kulturprisen i 2009



## FASTEAKSJONEN 2011

I Bokn kom det inn kr 16 386,- i fastebøssene dette året. I tillegg kjem offer i kyrkja på 3 580,-

- Hjertelig takk for alle bidrag til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Vi er enormt takknemlige for det engasjementet og den givergleden folk viser.

Generalsekretær Atle Sommerfeldt i Kirkens Nødhjelp.



# Kulturmidlar 2011

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

**Samtlege som mottok støtte i fjor vil få tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema vil også kunna lastast ned på bokn.no. Der kan ein også søka elektronisk.**

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2010 og budsjett for 2011 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i bud-sjettet for 2011, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

## § 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.**

Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2011 blir fordelte i første formannskapsmøte etter sommarferien.

**Søknadsfrist 1. juli**

## Møteplanar, kommunale styre og utval

<b>Bokn kommunestyre</b> Stad: Allr., Boknatun 2. etg. Tid: Kl. 19.00 Tysdag 14. juni	<b>Bokn formannskap</b> Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 17.00 Tysdag 24. mai
<b>Bokn forvaltningsstyre</b> Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 19.30 Tysdag 10. mai Tysdag 21. juni	<b>Bokn sokneråd</b> Stad: Bokn bedehus Tid: Kl. 19.00 Onsdag 08. juni
<b>Bokn senior/brukarråd</b> Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 18.00 Torsdag 28. april	Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.  Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

# Austre ....eller vestre... like vidt vi ser....

og er du trøytt; slå deg gjerne ner!

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Silje Aksdal

*Galdhøpiggen og Glittertind, ein klatra lyt og streva  
Når blodet brusar og sveitten renn, å du det er godt å leva...  
Frå kvar ein dal eit dalsøkk op, til punktet oppe høgt  
Spennning og slitet, mange ville seia det var søkt...*

*I Bokn og vi stolte finn to toppar side om side.  
Dei står der dei og kniser kjekt: "Akk, for eit strev, må vide"  
"Trøytt vert dei, kavar på, til den forblåste topp  
Viljen er ukuelig; både benk og mann skal opp!"*

*Oppgåva stor eller lita så, ein ikkje er for katten.  
Om så ein dagen heile går, sjølv utan ein dråpe vatn  
Viljen deira til mål å nå beundringsverdig; Ja!  
Takk til dei som sleit og sine sterkaste krefter ga!*

I samband med arbeidet med Utsiktspunkt Boknafjell fann ein ut, då ein såg nærare på teikningane over anlegget, at ein ville ha ein av dei flotte benkene, til overs. Arbeidsgruppa som har arbeidd med prosjektet var samstemde når det gjaldt kor ein kunne ynskja at den benken som var til overs, vart plassert. "Kunne vi høyra med grunneigar om ein kan få setja benken på toppen av Vardafjellet?" Som tenkt; så gjort.

## "No køyrer vi"

Sundag 17. april kl. 14 fekk undertekna ein telefon frå ho Silje Aksdal: "Du; no køyrer vi benken opp vi!" Mange timar seinare byrja ei uro i kroppen, å ta form.... "Det var då merkjeleg at ho Silje ikkje har ringt tilbake....".

Benken; eit "dråg" av ein benk på ikkje mindre enn 200 kg hadde vorte plassert på ein av dei største firhjulingane; det var ikke motorkrafta det skulle stå på. Men; firhjulingen sette seg fast i myra. Det gjorde også den fyrste traktoren som skulle koma reddande til. Etter ein innsats det står stor respekt av, stod til slutt benken på toppen av Vardafjellet seint søndag kveld. Det måtte 1 firhjuling, 3 traktorar, 6 sterke mannfolk og 2 damer til, for å få den på plass. Det er fyrste gong i historia (ialfall i fylgje historia som er kjend....) at det står ein traktor på Vardafjellet, Austre Bokn. "Og siste"; som han sa, han Geir Aksdal då han sliten rusla heim att.

Benken på Vardafjellet er av same utføring som benkene på Boknafjellet. Kikkertane på båe toppane er også av same variant. Utsikten frå dei to toppane er også like upåklageleg. Sist, men ikkje minst: Innsatsviljen til boknarane er den same. Den er heilt fantastisk.

**Ta turen til toppen av Vardafjellet; ein flott tur. Er du sliten og trøytt når du kjem fram har du valet om å huka deg ned på ein bergknaus, i lyngen – eller på ein lun, robuste trebenk – så vert du ialfall ikkje kalde..... God tur!!!**



Øvst: Bjarne Nedrebø (tv.) og Harald Øvrebø framfor traktoren, som sokk godt ned i myra.

Midten: Geir Aksdal er nøgd med at traktoren til slutt kom seg opp på toppen. Bak Stine Skogland med postkassa.

Nedst: Fv. Trond Skogland, Stine Skogland, Kurt Jøsang, Harald Øvrebø og Steffen Aksdal prøvesit den nye benken.

## FERIVIKARAR

For sommaren 2011 har me i Seksjon Helse, sosial og barnevern ledige stillingar som ferievikar.

### Det er ledige stillingar innan:

- Pleie- og omsorg (sjukeheim og heimebaserte tenester)
- Bu og aktivitet (bu og aktivitets-tenester for funksjonshemma)

- Kjøkken
- Reinhold

Det søkes etter sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, miljøarbeidarar, kjøkkenpersonale, reinholdarar og assistentar. Personlege eigenskapar blir tillagt stor vekt.

For nærare opplysningar om aktuelle stillingar, ta kontakt med Seksjonssjef Tore Bøe Olsen, på tlf. 52 75 25 00 / 982 21 503

Søknad med oversikt over kor ein ønskjar å jobbe, tidsperiode og stillingsandel, sendes:

Bokn kommune  
Seksjon helse, sosial og barnevern  
Boknatun  
5561 Bokn

Søknadsfrist: 13.05.2011

# Forvaltning av strandsonen

Hans Faye

## Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, fastsatt ved kongelig res. av 25 mars 2011.

Landet er nå inndelt i tre hovedområder:

- Kystkommunene i Oslofjordregionen
- Andre områder der presset på arealer er stort
- Områder med mindre press på arealene

Bokn kommune er definert som område med mindre press på arealene.

I disse områdene skal kommunene følge disse retningslinjene ved planleggingen:

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 gjelder generelt. I den nye loven er forbudet og bestemmelsene om dispensasjon i kapittel 19 strammet inn. 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold.

I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunene utenfor pressområdene mulighet til å inkludere 100-metersbeltet langs sjøen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunene kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbeltet.

Kommuneplanen skal legges til grunn for eventuell utarbeiding av reguleringsplan (områderegulering eller detaljregulering). Byggegrense skal angis i planene, jfr. plan- og bygningsloven § 1-8 tredje ledd. Eldre planer som gir mulighet for utbygging i

strid med retningslinjene, bør revideres eller oppheves.

Ved større byggetiltak skal det kreves reguleringsplan, jfr. plan- og bygningsloven § 12-1. Kravet om at det skal foreligge reguleringsplan før det kan gis tillatelse til gjennomføring av større bygge- og anleggsarbeider er videreført fra plan- og bygningsloven av 1985. Ved utbyggingstiltak som ikke er særlig omfattende bør arealutnyttningen styres gjennom bestemmelser til kommuneplan. For mindre tiltak kan det gis dispensasjon etter en konkret vurdering, på bakgrunn av kapittel 19.

## I 100-metersbeltet langs sjøen skal følgende retningslinjer legges til grunn:

- Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, slik at utbyggingen skjer mest mulig konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinnteresser, natur- og landskapskvaliteter eller kulturminneinteresser skal unngås. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskaper med spesielle kvaliteter.

- Spørsmålet om bygging skal vurderes i forhold til andre allmenne interesser. Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, oppdrett og reindrift må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig.

- Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør

også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.

- I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å tillate tiltak for å ivareta hensynet til en fornuftig samfunnsutvikling. Ved vurdering av om tiltak skal tillates skal det legges vekt på om hensynet til tilgjengelighet for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende.

- Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran.

- Vurderingen vil være avhengig av hva slags type tiltak det gjelder. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsplaner.

- Muligheten for fritidsfiske gjennom å tillate oppføring av naust og brygger skal også tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran, og mulighetene for felles brygger og naust bør også vurderes.

Retningslinjene gjelder også for by- og tettstedsområder. I disse områdene skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør som et utgangspunkt prioriteres foran arealer til fritidsboliger.

## Skog og lyngbrann

Det er generelt forbud mot å tenne bål i eller i nærheten av skog og mark i perioden **15. april til 15. september**. Et lite bål kan før til skog eller lyngbrann og få store konsekvenser.

Når skogbrann/lyngbrannfare er høy skal det ikke mer til enn glør fra sigarettstumpen eller bruk av engangsgrill for å starte en brann.

### Hva gjør du hvis uheller er ute og du som førstemann kommer fram til en skog/lyngbrann?

- Varsle brannvesenet på nød-

nummer 110 om brannen. Fortell hvem du er, gi beskjed om hvordan du kan kontaktes. Tydelig stedsangivelse er viktig å gi, og møt gjerne brannvesenet.

- Begynn slokkearbeidet med tilgjengelige ressurser. Brekk eller hogg et lite lauvtre på ca. 2 meter og fjern kvister nedenfra til du sitter igjen med en dusk på toppen. Børst/fei flammene tilbake i brannområdet. Ikke slå!
- Skogbrannslokking er farlig arbeid. Vis største forsiktighet



og kom deg ut av området før flammene omringer deg. Ta ikke sjanser!

Boknatun, 27. april 2011  
Hans Faye  
brannsjef

# Folkehelsetiltak av ulik karakter

Anne Elisabet Askeland

## Holmenkollstafetten 14. mai 2011: Vi stiller til start; stiller du som heiagjeng?

Arrangørane av Holmenkollstafetten, verdas største stafett, gler seg litt ekstra i år. På startstreken stiller nemlig verdas mest motiverte og sjarme-  
rande lag.

For fyrste gong i historien, stiller Bokn kommune med eit mix-lag; enn så lenge utan eit definert fengjande namn, men det kjem. Dei involverte er klare til innsats og lovar å ikkje gjera skam på kommunen.....

Av den grunn har ein også starta med dei sportslege førebuingane. Det er blodig alvor dette. Eller; det er kanskje nettopp det, det ikkje er? Den positive helsegevinsten ein allereie har hatt basert på det å koma i mål med å samla eit lag, er stor. Den litt oppglødde, forventningsfulle summinga i gangane på kommunehuset, på kjøke-  
net oppe på sjukestova, på pauserommet i barnehagen..... – vi kjenner på helsegevinsten allereie.

For; det handlar om å sjå helsa "under eitt". Den som kan gle seg over lite har mykje å gle seg over og viss ein i tillegg går eller spring ca 30 minuttar kvar dag, ja då kjem den gode helsa av seg sjølv.

## Startskot

Onsdag 30.mars kl. 17.15 gjekk startskotet for den fyrste felles treningsøkta til laget. Ein har, via sikre kjelder, fått nyss i at mange av dei som skal delta, i tillegg har starta eigne treningsopplegg på fritida si. Ein viss helsesjef i kommunen har visstnok investert i nye "laupesko", andre spring kortare og lengre turar åleine, kommuneoverlegen er til stadigheit å sjå i tettsitjande "laupebukse" og det vert også sagt at nokre er ute og spring ....om nettene....

Det er lagt opp til felles trening kvar veke fram til stafetten laurdag 14. mai. Den fyrste treningsøkta fann stad ute i Loden; flottare tur skal ein leita lenge etter. Sola stod midt i mot, våte vart vi på beina der vi sprang over både myr og mark. Myr og mark; tenk at det for ikkje mange åra sidan var rigga til eit heilt, lite samfunn der ute. Festningsanlegget på Loden.

Kanonoppstillingar, sjukehus og mannskapsbrakker. Nokre vart visst skotne og. Det var kamp... om landområda. Kvite joggesko over myra; sola midt i mot – og med historien i tankane. Perspektiv på livet; og livet i perspektiv.

Vi skal i kamp vi og; vi skal kjempa for



Mellom bakkar og berg ut mot havet spring vi lett – ja, litt svett.

Foto: Silje Akسدal

å ta vare på helsa. Denne gongen handlar det om Holmenkollstafetten.

## Treningsglad gjeng

Vel framme, med klump i halsen over den flotte utsikta ut over havet mot Karmøy, kunne ein litt over kl. 17.30 skimta ein gjeng med treningsglade... som til fengjande musikk ivrig også tok

Dei som ynskjer å gå opp gjer det; dei andre spring. Motbakkeløp; blodsmak i munnen – eller pur vilje. Opp skal vi alle uansett.

Det er også lagt opp til at treningsøk-  
tene skal gå til toppen av Vardafjellet, Austre Bokn, vi tek turen ut att til Loden – og det vi gler oss mest til: Den



AEROBIC UT MOT HAVET: F.v. Anne Elisabet Askeland, Silje Akسدal, Annette Bokneberg, Kristin Eide, Anja Alvestad, Irene Kro, Henriette S. Lindanger, Anne Lise Waage, Torunn Skjelde, Janne Elisabeth Ytreland, Wenche L. Havikbotn. Foran: Anette Våga.

Foto: Fredrik Våga

nokre aerobicøvingar under kyndig veiledning av Anette Våga. For å strekkja litt, tøya og bøya...Men, mest av alt: For å løysa litt på lattersmusklane og humøret – som likevel uansett var upåklageleg. Det var ikkje vanskeleg å skina om kapp med sola denne dagen.

Den neste felles treningsøkta går langs turstien frå kyrkja, veka deretter skal vi til fjells; til toppen av Boknafjellet.

siste felles treningsøkta skal ho Silje Akسدal ha regien på: Då inviterer ho heile laget med for å springe etter vårkåte sauer på Austre Bokn..... Kva meir kan ein ynskja seg.....

**Med dette oppfordrar vi alle om å vera i fysisk aktivitet i minst 30 minuttar kvar dag; fordi det er helsa di det handlar om!**

# Nye tider på Bokn

Jardar Havikbotn

**Mindre kasse/kontanthandtering og meir finansiell rådgjeving er resultatet av samtalar mellom Bokn kommune og Sparebank1 SR-bank angående drifta av Sparebank 1 SR-Bank sin filial på Bokn.**

Banksjef i Tysvær/Bokn, Svein Dalva, seier til Bokn Bygdablad at dei har sett på korleis drifta har vore og kva som kan gjerast betre for å sikra ein betre og meir stabil drift framover.

## Høg kompetanse

For å trygga ei stabil og god løysing på sikt, har dei kome fram til at May Jorunn Vatnaland hovudsakleg skal jobba på Bokn.

May Jorunn er autorisert finansiell rådgjevar, og har høg kompetanse på alt innan lån, sparing og forsikring. Dette sikrar at Sparebank1 SR-Bank sine kunder på Bokn nå får mulighet til å avtala møter med May Jorunn utanom opningstida i kassen.

## Behovsforandring

Opningstida i kassen blir redusert og blir slik:

Måndag kl. 12.00 - 14.00

Onsdag kl. 12.00 - 14.00

Fredag kl. 12.00 - 15.00

Det har heilt klart vist seg at behovet for kasse/kontanthandtering er redusert dei siste åra, samstundes som behovet for finansiell rådgjeving aukar. Med å ha mindre opningstid i kasse, vil ein frigjera tid til at kunder i Bokn kan



Fv. banksjef i Tysvær/Bokn, Svein Dalva, rådmann Jan Erik Nygaard og finansiell rådgjevar May Jorunn Vatnaland framfor inngangen til Bokn kommune, Sparebank1 SR-Bank og NAV Bokn.

avtala møte med May Jorunn - i første rekke etter kl. 14.00.

- Løysinga vil derfor gi ei stor tilbudsauke til Sparebank1 SR-Bank sine kunder på Bokn, og vil vera meir framtidretta med tanke på korleis me ser at bruksmønsteret til kundene endrar seg, fortel Svein Dalva.

## Veke 20

Sparebank1 SR-Bank og Bokn kommune er veldig godt nøgde med denne løysinga. Endringa vil tre i kraft **måndag 16. mai**.

- Meir informasjon vil bli sendt direkte til alle innbyggjarane på Bokn, samt bli lagt ut på Sparebank1 SR-Bank og Bokn kommune sine heimesider, avsluttar banksjefen.

# Ny kyrkjegardsport

May Jorunn Vatnaland

**Formann i Bokn Bankråd, Svein Ove Alvestad, overrekte kyrkjeverje Svanhild Alvestad ein gåvesjekk på kr. 30.000,-**

Formålet med denne var ynskje om å finansiere ny port frå kyrkjegarden og til Asbjørn Klosters minnestøtte.

Her har det stått ein gamal og slitt saueport.

-Nå har me endelig ein komplett kyrkjegard som er fint inngjerda, sa kyrkjeverja i sin takketale.

Det heile fekk ei fin innramming ved gudstenesta då Speidarane hadde løftefornyng. Etter gudstenesta danna speidarane proseksjon til den nye porten.

## Bankråd

Bankrådet skal representera innskyttarar og brukarar av banken, og skal fungera som eit kontaktnett mot banken.

Ei anna rolle, og kanskje meir kjent, er at bankrådet disponerer eit lite fond.

Intensjonen med bankrådsmidlane er at ein del av bankoverskotet skal delast ut til lokalsamfunnet i form av støtte/gåver til enkeltpersonar eller lag og organisasjonar som fortener ei påskjøning, eller til eit formål som lokalsamfunnet har nytte av.



Kyrkjeverje Svanhild Alvestad har mottatt gåvesjekken frå formann i Bokn Bankråd, Svein Ove Alvestad, til venstre for henne.

Difor er det gilt to å finansiere noko som alle kan ta del i, som denne gongen.

**Det har ikkje vore praktisert at ein tar imot søkjarar til bankrådsmidlar, men det kan gjerne komme tips til bankrådet**

## om aktuelle kandidatar.

Dei som sit i Bankrådet no er Svein Ove Alvestad, Arne Hosaa, Oddrun Nilssen, Jan Kristian Jøsang og May Jorunn Vatnaland (ansatt rep.)

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

## Bokn sanitetsforening utelatt

I Helseteam for eldre-artikkelen i mars-utgåva av Bokn Bygdablad, var Bokn sanitetsforening ikkje ramsa opp blant arrangørane. Foreninga, som driv førebyggjande helsearbeid, hadde kjøpt inn og laga maten som blei servert på temakvelden.

Bygdabladet beklager dette.

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil	frå 2500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinpleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg	500 kr.

**Kjell Frode 907 83 797**

**John Magne 909 24 964**

**Epost: [kjellfrode75@hotmail.com](mailto:kjellfrode75@hotmail.com)**



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

## Hus til leige

Stort hus med fem soverom, to stover, kjøkken, bad og vaskekjellar til leige.

**Kontakt Elly, 52 74 85 28 - 90 64 71 66**



Turnéstart,  
Bokn skule  
21. mai  
kl. 20.30

Hibbi Mannes - Ingebjørg Andrea Gismervik -  
Anne Tove Øvrebo og Boknakoret (tidl. Kor  
Henne) - sjå meir info på [bokn.no](http://bokn.no)

**coop  
marked**

**COOP MARKED BOKN**

**coop  
marked**

**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**



# Forsikring handler om trygghet



Vil du vite mer?  
Ring 02002 eller  
se [www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no)

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964  
Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

#### Kontaktpersoner:

John Magne Lie	909 24 964
Kjell Frode Lie	907 83 797



## HÅRSMIÅ



Velkommen til en  
velvære-time på Hårsmiå

Har åpent hver dag,  
lørdager om jeg er hjemme

52 74 86 47 / 46 44 29 20

Med vennlig hilsen  
Mona på Hårsmiå



## FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN



Mine åpningstider er  
tirsdag t.o.m. fredag.

Partallsuker: kl. 09–16

Oddetallsuker: fleksible åpningstider

Hilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån.	16.00 - 19.00
Tys.	09.00 - 13.30
Ons.	16.00 - 19.00
Tors.	09.00 - 13.30

## Div. tenester på Boknatun, m.m.

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt  
onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 – 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring  
Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS,  
sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig  
kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,  
onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil  
46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet  
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40  
41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helse-  
stasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte  
kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

## VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng  
skyss til å komma deg frå ein stad til  
ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstel-  
ningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring **94 14 47 35** -  
helst dagen før eller lengre tid på  
førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til  
sjåføren.

- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr.  
km for kvar ekstra passasjer.  
- Minstepris kr. 100,-

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treg du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**



### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpe deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar  
i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler  
eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og  
dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt  
med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus,  
m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 08.30 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Direktenr. tysdag: 52 75 25 33

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

# Strikkar til premature barn

Jardar Havikbotn

Grappa "Strikkeverden" på Facebook har sett i gong eit landsomfattande prosjekt kor dei strikkar til nyfødd-intensivavdelingane ved norske sjukehus. Boknaren Bianca Alvestad er storprodusent og kontaktperson for Stavanger Universitetssjukehus SUS).

Prosjektet rettar seg mot dei aller minste babyane på desse avdelingane. Foreldra er sjølvsgat ikkje førebudde på at ungane kjem til verda før tida, og sit med masse klede som ikkje passar til barnet. Butikkane har også eit svært begrensa utval av små sokkar, huer, pledd og vottar, som er aktuelle å strikka i denne samanheng.

- Pledda treng ikkje vera større enn eit A3-ark (30x40 cm), seier Bianca, og viser meg eit som er ferdig. Eit blick på huene og sokkane fortel om svært små individ, med hovud-storleik omtrent som eit eple.

## 1. juni

Bianca, som tar lærarutdanning ved Universitetet i Stavanger, skal levera klede til SUS 1. juni. Interesserte boknarar og andre som vil vera med på dette, kan levera produkt til Bianca før denne datoen, tlf. 977 11 486 – eller på Coop Marked Bokn. Dama i Havna-vegen 81, som håpar på fleire leveransar etter 1. juni, syr også ulike klede til ungar. Bestillingar har ho tatt imot, men tida tillater lite av det nå.

Den godhjarta dama har også strikkande



Bianca Alvestad med nokre av produkta sine som skal leverast til SUS. Garnkorga, full av babyullgarn, har ho arva etter oldemor si.

medstudentar, og ventar på leveransar i posten i desse dagar. Ho vil også kontakta butikkar sør for fjorden for å høyra om folk også kan levera der. Når du leverer, må produkta, som helst skal vera i babyull, vera vaska og lagde i plastikkposar (brødposar).

## Oppskrifter

Det heng oppslag med strikkeopp-skrifter på Coop'en, som interesserte kan ta med seg. Bianca har lagt ut nye fleire gonger, og rek-

nar då med at fleire boknarar er i full gong med strikkinga, noko som sjølvsgat gler henne stort. For dei som er på nett, ligg det oppskrifter på "Strikkeverden" si Facebook-side samt nettsida [www.strikkeverden.net](http://www.strikkeverden.net).

- Interesserte som lurar på noko i samband med prosjektet, kan ta kontakt med meg, så skal eg svara så godt eg kan, avsluttar ei entusiastisk og handarbeidsglad dame på snart 32.



Foto: Jardar Havikbotn

Fv. Karen Hetland, Henriette Jøsang, Lisbeth Skjelde, Martine Alvestad, Andrea Hognaland Fostenes, Ruben Våga, Niklas Kjellesvik Grønnestad, Konrad Nilssen, Tommy Kjellesvik Grønnestad.  
Sittande fv. Renate Eide, Tonje Kro Medhaug og Jone Hognaland.

Karen Hetland blir konfirmert i Pinsemenigheten Tabernaklet, Haugesund, 1. mai. Dei øvrige blir konfirmerte i Bokn kyrkje, 8. mai.

## Velkommen til Bokn - anten du kjem sørante eller nordante!

Tekst: Anne E. Askeland -  
foto: Jardar Havikbotn

For nokre dagar sidan kunne ein sjå nye flagg vaie i vinden både på Ognøy, på Are og nede i Føresvik. Arbeidsgruppa Ta naturen i bruk, Kjekt på Bokn har over ei tid leika med tanken om å hengja opp flagg for å ynskja "Velkommen til Bokn". Det vart søkt løyve hjå Statens Vegvesen og no vaier omsider flagga majestetisk i vinden både på Ognøy, på Are og nede i Føresvik.

Designet på flagga er utarbeidd i samarbeid med Destinasjons-selskapet Haugesund og Haugalandet (DHH) og inneheld teksten "Velkommen", kommunevåpenet til Bokn kommune samt profilen til DHH. På denne måten har ein forsøkt å skapa eit heilheitleg inntrykk sett i samanheng med både avrinningskarta som vart laga i fjor samt dei nye informasjonstavlene som også nyleg vart monterte.

